Energi og energikjelder

Individuell oppgåve

Oppgåve 1: Skriv rett fagord til rett forklaring.

fornybar energi	energi	energiomforming
ikkje-fornybar energi	vindkraft	joule

1. _____ er krafta som gjer at ting skjer og rører på seg, til dømes når vi går, når ein bil køyrer eller når sola varmar opp jorda.
2. _____ er måleeininga for energi, som fortel kor mykje arbeid som er gjort.
3. _____ er energi laga av vind som driv vindturbinar. Energien kan brukast som straum/elektrisitet.
4. _____ er å endre energi frå éi form til ei anna, til dømes straum til varme.
5. _____ er energi som kan ta slutt, som olje, kol og gass.
6. _____ er energi som ikkje tek slutt, som sol, vind og vatn.

Oppgåve 2: Skriv forklaringa.

a) Finn fagordet «kjernekraft».
Skriv forklaringa.



b) Finn fagordet «solenergi».
Skriv forklaringa.



c) Finn fagordet «vasskraft».
Skriv forklaringa.



d) Finn fagordet «bioenergi».
Skriv forklaringa.



Oppgåve 3: Skriv ein tekst.

- Du skal skrive ein enkel tekst på 150-300 ord.
- Du skal bruke 5 fagord eller fleire. Du kan bruke fagomgrep frå andre kapittel òg.
- Vel oppgåve a) eller b).

a) Kva er energi, og korleis kan vi måle den?

- Kva betyr energi, og korleis blir den målt?
- Kva skjer når energi blir omforma frå éi form til ei anna?
- Korleis bruker vi elektrisk energi i kvardagen?



Eksempel på fagord som du kan bruke:
energi, joule, effekt, watt, energiomforming, elektrisk energi, fornybar energi, solenergi, vasskraft, vindkraft, bioenergi, ikkje-fornybar energi og kjernekraft

b) Kva energikjelder kan vi bruke i framtida?
Skriv om ulike typar energikjelder og kva for nokre vi bør satse mest på i framtida.



- Kva er forskjellen på fornybar og ikkje-fornybar energi?
- Korleis verkar solenergi, vasskraft og vindkraft?
- Kva fordelar og ulemper har bioenergi og kjernekraft?